



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Trekker klagen - Alver - 83/1 - Spjotøy - naust – dispensasjon

Vi viser til oversendingar frå kommunen 22.06.21. Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av nytt dobbelt naust knytt til areal avsett til #10 på Spjotøy, i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023.

Utval for areal, plan og miljø gav dispensasjon i vedtak APM- 037/21 og APM- 036/21. Vedtaka gjeld same tiltak. Statsforvaltaren i Vestland klaga på begge vedtak i brev datert 25.03.2021. Klagen vart ikkje tatt til følgje av Utval for areal, plan og miljø i møte 09.06.2021, sak 095/21.

Forhold som kjem fram i «Uttale til klage fra Statsforvalter», datert 11.05.21, gjer at Statsforvaltaren har vurdert saka på ny.

Dokumentet viser at plassering innafor formål LNF-spreidd naust, vil føre til store terrenginngrep og at ny plassering vil redusere terrenginngrepa vesentleg. Dokumentet viser òg at det ikkje burde vore gjeve dispensasjon for to naust, då verknaden av dette ikkje var godt nok opplyst eller vurdert i saka. Vi legg då til grunn at ny plassering vil ha mindre negativ verknad for verdiane i strandsona enn plasseringa av to naust, slik det allereie er gitt dispensasjon til.

Statsforvaltaren i Vestland trekkjer på bakgrunn av dette klage på Alver kommune sine vedtak APM-037/21 og APM-036/21.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent